

Tilsette ved UiB kan kjøpe rabatterte billetter til  
**HEIMATT – musikalske høgdepunkt 1965 - 2005**  
mandag 27. februar kl. 18.00 og tysdag 28. februar kl. 19.00  
på Hovudscenen. Billettpris kr. 320 (ord. pris kr. 520).

Du kan kjøpe billetter her:

Måndag 27. februar kl. 18.00: <https://detvestnorsketeteateret.eventim-billetter.no/webshop/webticket/shop?kassierer=webspes&event=1078>

Tysdag 28. februar kl. 19.00: <https://detvestnorsketeteateret.eventim-billetter.no/webshop/webticket/shop?kassierer=webspes&event=1079>

Du kan også sende e-post til [publikum@detvestnorsketeteateret.no](mailto:publikum@detvestnorsketeteateret.no) (merk med UiB)



For fem år sidan sparka Det Vestnorske Teateret i gong “HEIM” og starta tidsreisa gjennom Vestlandet frå 1965 til 2005. Det vart ein stor suksess og mange fann vegen til teatersalen og delte felles minne gjennom dei fire kapitla. Vi har vore på Frekhaug, Kleppestø, i Tyssedal, på Mongstad og på Stord, berre for å nemne nokre stadar. Vi har høyrte historier om utferdslengt og heimenostalgi. Om røter i heimbygda og om verda der ute som kom nærare og nærare. Vi har minnst forlis og plattformvelt, møtt karakterar som kjempar for si bygd i møte med industrialisering, utbygging og forureining. Vi har og drukke bobler med jappane, kost oss med kjøpesenteropning og snoreklipping for nye vegar og bruer. Og ikkje minst har vi sunge med på songane som fulgte liva våre gjennom desse åra. Velkommen til musikalske høgdepunkt frå krønika vår!

Regi: Solrun Toft Iversen og Hilde Sol Erdal.

Med: Sigrid Moldestad, Claus Sellevoll, Anne Wiig, Jonas Fuglevik Urstad  
og Voksne Herrers Orkester.

DET  
VESTNORSKE  
TEATERET

